

15 lag vil hoppa i havet!

03.06.2011



Hopp i havet er eit desidert høgdepunkt under Aktivitetsdagen og iår tyder alt på at det blir ein knallsuksess. I alle fall er det førebels påmeldt 15 lag til dysten laurdag 11. juni og det er 5 fleire enn i fjor.

**Det er framleis plass for nokon få til men då må dei vera raskt ute, seier Bjørn Olav Tveit til uskedalen.no**



Ikkje minst spennande er det at det ligg an til 4 innbyrdes duellar innan bransjane og det er noko nytt.

# AKTIVITETSDAG



## Uskedal Båthavn

### Laurdag 11.juni

#### Program:

- 11.00 Opning
- 11.30 Kvinnherad Trekkspelklubb
- 12.00 Brazzooka
- 12.30 Sjørøvarkaptein Sprød
- 13.30 Playing Psycho,  
Birte Nybakk & Ingeborg Skarsfjord
- 14.00 Andaløp i Uskedalselva
- 15.00 "Hopp i Havet"



11.00-15.00: Grilling, kaffi, kaker, sukkerspinn, hoppeslott, Tøffetoget, brannbil, roing, lynlotteri, lykkehjul, ansiktsmaling, bondelaget m/div. dyr og aktivitetar, boksing m/megastore boksehanskar...



Elias kjem óg!

Arr. Aktivitetshusets Damevenner

Den store dagen nærmar seg og det er grunn til å vera imponert over programpresentasjonen til Damevennene  
Det blir duellar mellom Grenda og Kvinnheringen,

mellom SPAR Uskedalen og SPAR Seimsfoss,  
mellom Noreq og Schat Harding og mellom  
Energiteknikk og Kvinnherad Energi.  
Ellers stillar AFA, Oddmund (Soldal), Kjellsons, Idrettslaget  
Ole Vidar, Johannes Hjelmeland/Christian Tvedten,  
Damevennene og Bondelaget.  
Det går også rykter om at nokre politiske parti vil stilla opp  
og Tveit strekar under at dei i tilfelle vil kunne syne handlekraft  
og gjennomføringsvilje framfor valet til hausten.

Speaker denne gongen er den dyktige Ørjan Bakke frå  
Omvikdal, kjend som både speaker og revyartist.  
I juryen sit det som vanleg lokale politikarar.

Bileta over er frå Hopp i havet i fjor og viser  
SPAR Uskedalen i starten som ost og  
Oddmund Soldal i full fart på sin særprega farkost  
gjennom båthamna! Mykje tyder på at farkostane blir  
enda meir fantasifullt utforma i år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen